

## Rødgard vert delt og seld

29.12.2015



Garden på Rød.

**I siste møtet før jul vart eigedomen til Halvard Rød vedteke delt og seld. Tunet med våningshus på 2,3 dekar areal og naust samt bøkkerverkstad på 600 kvadratmeter vert omfatta av delinga. Som vilkår vert sett at eigedomen, jord og skog vert seld som tilleggsjord som kommunen kan godta og i tråd med reglane i konsesjonslova. Våningshuset får nytt gards- og bruksnummer..**

I samband med dette gjev søkjaren dispensasjon slik at arealet rundt tunet med 2,3 dekar kan delast i frå til bustadføre mål og naustet/bøkkerverkstad på 600 kvadratmeter. Bruken av arealet skal vere som i dag. Eventuell anna bruk må avklarast gjennom plan.Komiteen gjev løyve som nevnt.

Resten av eigedomen vert lagt til garden som tilleggsjord. Det vert gjeve vegrett til naust over 123/3 seinast når arealet vert skøyta og over 123/3 til tunet på noverande 121/3.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Thor Inge Døssland